

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
079/23	Formannskapet	PS	08.11.2023
	Heradsstyret	PS	
055/23	Ungdomsråd	PS	20.11.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	23/2849

## Inkludering av barn og unge

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet får vedtaksrett over prioriteringane mellom ulike søkarar til dei ulike ordningane. Dersom ungdomsrådet sidestiller to ulike prosjekt innanfor same ordning, har Kommunedirektør mynde til å prioritere mellom søkarane.

### Formannskapet - 079/23

#### FS - behandling:

##### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Ungdomsrådet får vedtaksrett over prioriteringane mellom ulike søkarar til dei ulike ordningane. Dersom ungdomsrådet sidestiller to ulike prosjekt innanfor same ordning, har Kommunedirektør mynde til å prioritere mellom søkarane.

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

Kvart år kan ulike aktørar, offentlege, kommersielle og ideelle, søke tilskot frå Bufdir til «*Inkludering av barn og unge*». Målet med tilskotsordninga er at barn og unge skal kunne oppleve meistring og samfunnsdeltaking gjennom utvikling av opne møteplassar, deltaking på ferie- og fritidsaktivitetar, og fullføring av utdanningsløp.

*Tilskot til inkludering av barn og unge* er ein paraply som rommar 12 ulike tilskotsordningar. Disse er:

- Kultur-, fritids- og ferieaktivitet
- Jobbtillbod og -retteiing
- Utstyrssentral
- Lokal fritidskasse
- Kultur- og aktivitetkort
- Aktivitetsguide
- Los/ungdomslos
- Open møteplass
- Utpøving av arbeidsmodell (gjeld samarbeid i fleire kommunar)
- Koordinering av lokalt arbeid for inkludering av målgruppa (berre kommunen kan søkje)

- Anna lokal aktivitet
- Sentralledd i frivillige organisasjonar – aktivitet i minst fem kommunar

Det er fleire ulike aktivitetar som er i gang i kommunen i dag med midlar frå disse tilskotsordningane. Det er eksempelvis gratisplassar på rideleir på Espevoll gard, ferieaktivitetar på Osterøy museum, Open hall i Osterøyhallen, ungdomsklubb på biblioteket og eit prosjekt på systemnivå internt i administrasjonen i kommunen.

## **Bakgrunn**

Det skal berre prioriterast mellom søkarar dersom det er fleire søkarar på same ordning. Eksempelvis måtte det i fjor prioriterast i delordninga *Kultur-, fritids og ferieaktivitet* fordi det var fleire søkarar på den delordninga. Dette var den einaste ordninga det var fleire søkarar til.

Administrasjonen har over tid forsøkt å finne gode og føreseielege måtar å prioritere, men det er utfordrande då det ofte er nyansar som skil søknadane. I 2023 forsøkte administrasjonen å lage ein modell der ein fekk poeng på å oppnå mål sett i lys av tilskotsordninga sine krav, samt lokale planer. Sidan alle søkarar møtte Bufdir sine krav og måla i lokale planar er relativt runde, vart resultatet små og ingen forskjellar mellom søkarane. Administrasjonen har drøfta ulike andre modellar for å rangere mellom søkarar, samt korleis ein skal rettleie ungdomsrådet til å løfte blikket og sjå på søknadane i lys av oppvekstprofil, ungdata og liknande, men finn ikkje ein god måte å gjere dette på før vi ser kva søknader som kjem inn. Bufdir sine søknadsfristar (søknadsfrist til Bufdir i november, frist for prioritering i januar), gjer at ein er nøydde til å ha ein plan for dette arbeidet. Møteplanen til ungdomsrådet er lagt slik at dei skal kunne gjere det arbeidet dei er pålagt i forbindelse med søknadsordninga.

For å skape ein god og best mogleg prosess for rangeringsmøtet i januar 2024, ber administrasjonen Heradsstyret om å godkjenne følgjande tilnærming:

- Administrasjonen (Leiar for kultur og mangfald eller andre i stab Oppvekst) orienterer Ungdomsrådet om kunnskapsgrunnlaget. Med det meiner ein eksempelvis Oppvekstprofilen som seier noko om korleis oppvekstvilkåra er på Osterøy er per i dag, og kvar ein har dei største avvika sett i lys av nasjonale tall.
- Leiar for levekårsutvalet og/eller ordførar seier noko på vegne av Heradsstyret om korleis det politiske miljøet vurderer søknadane og korleis dei bør prioriterast.

Ungdomsrådet skal grunngje kvifor dei prioriterer slik dei gjer, slik at administrasjonen kan melde dette tilbake til søkarane. Ungdomsrådet står fritt til å prioritere ned Osterøy kommune sine prosjekt til fordel for private aktørar sine.

## **Vurdering**

### *Folkehelse*

Det er god folkehelse i at det er god tilgang på fritidsaktivitetar.

### *Miljø*

Ikkje vurdert.

### *Økonomi*

Osterøy kommune har ein stram økonomi. Denne tilskotsordninga er god måte å få til fleire inkluderingstiltak for barn og unge i kommunen.

**Konklusjon**

Heradsstyret gjev ungdomsrådet vedtaksrett, under rettleiing frå både administrativ og politisk nivå i kommunen.